

Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 03.05.2022

Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug

Møtetid: 09:00 - 15:05

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalseiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Yngve Walaker (kom til sak 030/22)	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Sølvi Vatnøy	KRF	Anne Karin Angelskår Eknes
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Marie Morken	SV	Øystein Nigar
Marit Gro Berge	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Mona Hagewick-tenesteleiari for Barnehage, Øyvind Oddekalv-varaordfører, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

Sakliste

Saknr	Tittel
030/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
031/22	Godkjenning av møteprotokoll
032/22	Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
033/22	Driftsavtale ungdomskontakten Salto 2022-2024
034/22	Kommunedelplan for oppvekst - Hovudmål
035/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 03.05.2022

030/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.05.2022:

Behandling:

Endring rekkefølge saksliste: 030, 031, 035, 033, 034, 032/22.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 030/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

031/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.05.2022:

Behandling:

Merknad frå Marie Morken-SV: Det bør stå saka vart vedteke i protokollen, og

ikkje saka vert vedteke.

Ellers ingen merknader.

Møteprotokoll frå møte - 22.03.2022 vart godkjent, samrøystes.

OKK- 031/22 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 22.03.2022 vart godkjent.

032/22: Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Øyvind Oddekalv-varaordførar
Sølvi Knutsen-Sp sa seg ugild og ho deltok difor ikkje i handsaminga av denne saka.

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 019/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Eldreråd 02.05.2022:

Behandling:

Kirsti Gjetle Floen (A) fekk permisjon i denne saka, og det deltok 8 av 9 medlemmar i handsaminga.

Øyvind H. Oddekalv-varaordførar, som har vore leiar for ei politisk arbeidsgruppe som har utarbeidd framlegg til politisk styringsstruktur og reglement, orienterte i saka.

Det vart i møtet sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Eldrerådet vil i denne omgang halda på dagens politiske struktur for utval og råd, og med 47 medlemmar i kommunestyret.

Rådet meiner den første perioden i Alver kommune har vore a-typisk på grunn av pandemien, og ikkje gjev godt nok grunnlag til å kunne evaluera den politiske strukturen. Den nye kommunen er framleis under bygging, og rådet meiner styringsstrukturen først kan evaluerast i slutten av neste 4-årsperiode.

Eldrerådet fryktar også at det er altfor omfattande å slå saman store og viktig sektorar som helse og omsorg, og kultur og oppvekst til eit levekårsutval.

Rådet sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg om møtestart for politiske møte kl. 9.00.

Under avrøystinga vart fellesframlegget vedteke med 7 røyster mot 1.

Mabel Johansen (H) slutta seg til innstillinga frå fleirtalsgrupperinga i arbeidsgruppa, med 35 medlemmar i kommunestyret og tre utval medrekna formannskapet.

ER- 017/22 Vedtak:

Eldrerådet har følgjande uttale til *Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune*:

Eldrerådet vil i denne omgang halda på dagens politiske struktur for utval og råd, og med 47 medlemmar i kommunestyret.

Rådet meiner den første perioden i Alver kommune har vore a-typisk på grunn av pandemien, og ikkje gjev godt nok grunnlag til å kunne evaluera den politiske strukturen. Den nye kommunen er framleis under bygging, og rådet meiner styringsstrukturen først kan evaluerast i slutten av neste 4-årsperiode.

Eldrerådet fryktar også at det er altfor omfattande å slå saman store og viktig sektorar som helse og omsorg, og kultur og oppvekst til eit levekårsutval.

Rådet sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg om møtestart for politiske møte kl. 9.00.

Ungdomsråd 02.05.2022:

Behandling:

Ungdomsrådet har sett gjennom framlegget, og har ingen merknader til det.

UR- 016/22 Vedtak:

Ingen merknader

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Øyvind Oddekalv-varaordførar

Uttale frå SP, SV og Uavh lagt fram av Marie Morken-SV:

Kommunestyret skal ha 47 medlemmer og tal utval vert redusert slik at Utval for oppvekst, kunnskap og kultur og Utval for helse og omsorg vert slått saman til eitt utval med same oppgåver som i dag. Samanslåing av tre kommunar til Alver kommune frå 2020 reduserte talet på kommunestyremedlemmer frå 83 til 47. Den nye kommunen er framleis under arbeid og det bør difor ikkje gjerast særlege endringar no. Det har også vore ein heilt ekstraordinær situasjon grunna pandemien. Dette har verka hemmande på det politiske arbeidet, i alle høve i nokre utval. Å ta vare på den desentraliserte befolningsstrukturen som finst i Alver vil vera ein styrke for det representative lokaldemokratiet. Det er også eit viktig argument mot ein stor reduksjon av kommunestyremedlemmer.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Laila Bjørge-Sp, May Britt Vågenes Gjerde-Sp, Marit-Gro Berge-SV, Marie Morken-SV, Hege N. Dale-Uavh, Yngve Walaker-Uavh)

Fellesuttale lagt fram av Christel Villanger Haaland-SP:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur er positive, og synes det er fornuftig med ei samanslåing av utvala OKK og HO. Postivt og at oppgåvene til begge utvala vert dei same som i dag etter samanslåinga. Eit samrøystes OKK tilrår dette.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 032/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 03.05.2022:

Kommunestyret skal ha 47 medlemmer og tal utval vert redusert slik at Utval for oppvekst, kunnskap og kultur og Utval for helse og omsorg vert slått saman til eitt utval med same oppgåver som i dag. Samanslåing av tre kommunar til Alver kommune frå 2020 reduserte talet på kommunestyremedlemmer frå 83 til 47. Den nye kommunen er framleis under arbeid og det bør difor ikkje gjerast særlege endringar no. Det har også vore ein heilt ekstraordinær situasjon grunna pandemien. Dette har verka hemmande på det politiske arbeidet, i alle høve i nokre utval. Å ta vare på den desentraliserte

befolkningsstrukturen som finst i Alver vil vera ein styrke for det representative lokaldemokratiet. Det er også eit viktig argument mot ein stor reduksjon av kommunestyremedlemmer.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur er positive, og synes det er fornuftig med ei samanslåing av utvala OKK og HO. Postivt og at oppgåvene til begge utvala vert dei same som i dag etter samanslåinga. Eit samrøystes OKK tilrår dette.

Utval for helse og omsorg 03.05.2022:

Behandling:

Sølvi Knudsen-SP ba utvalet vurdera om ho er inhabil til å handsama saka, ettersom ho har vore med i arbeidsgruppa for "Politisk styringsstruktur og reglement". Utvalet konkluderte med at Knudsen ikkje er inhabil, og ho deltok i handsaminga av saka.

Øyvind H. Oddekalv-varaordførar, som har vore leiar i arbeidsgruppa, orienterte om gruppa sitt arbeid og innstilling.

May-Irene Wergeland-SP sette på vegne av Raudt, SP og Uavhengig fram følgjande framlegg til uttale:

HO-utvalet sluttar seg ikkje til samanslåing av utvala OKK og HO slik det her er foreslått. Vi meinar utvala har ansvar for store og viktige tenesteområder det er vesentleg å prioritere god folkevald styring over. Vi opplever at HO-utvalet har fungert godt og har hatt grundige drøftingar vi trur har kome kommunen sin helse- og omsorgssektor til gode. Vi meiner difor det er best å halde fram med eit eige helse- og omsorgsutval.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette på vegne av KRF og AP fram følgjande framlegg til uttale:

HO-utvalet tilsluttar seg framlegget i høyringa på politikk-området for eit framtidig Levekårsutval.

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre.

Felles framlegg frå SP/Raudt/Uavhengig fekk fire røyster (M-I. Wergeland-SP, Sølvi Knudsen-SP, Torill Mongstad-Raudt, Roy Bø-UAVH) - og fekk fleirtal.

Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg:

*Om utvalsstrukturen blir som dagens struktur meinar HO-utvalet subsidiært at følgjande områder må ligge under HO-utvalet sitt politikkområde:
Helsestasjon/Jordmorteneste.*

Utvalet ser det som naturleg at tenester som skal arbeida ut frå helserelatert politikk og helsefagleg kompetanse er i eitt politisk utval.

Hauge sitt felles tilleggsframlegg fekk 7 røyster og var samrøystes.

HO- 019/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale til "Høyring - politisk styringsstruktur og reglement":

HO-utvalet sluttar seg ikkje til samanslåing av utvala OKK og HO slik det her er foreslått. Vi meinar utvala har ansvar store og viktige tenesteområder det er vesentleg å prioritere god folkevald styring over. Vi opplever at HO-utvalet har fungert godt og har hatt grundige drøftingar vi trur har kome kommunen sin helse- og omsorgssektor til gode. Vi meiner difor det er best å halde fram med eit eige helse- og omsorgsutval.

*Om utvalsstrukturen blir som dagens struktur meinar HO-utvalet subsidiært at følgjande områder må ligge under HO-utvalet sitt politikkområde:
Helsestasjon/Jordmorteneste.*

Utvælet ser det som naturleg at tenester som skal arbeida ut frå helserelatert politikk og helsefagleg kompetanse er i eitt politisk utval.

033/22: Driftsavtale ungdomskontakten Salto 2022-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune godkjenner driftsavtale for ungdomskontakten Salto slik den ligg føre.

Ungdomsråd 02.05.2022:

Behandling:

Ungdomsrådet sluttar seg til hovudtrekka i avtalen, men har følgjande tilleggsframlegg:

- Det burde vore 1-2 representantar for ungdom i referansegruppa.
- Tilbodet burde vore opent lengre (utan om onsdag), då dei fleste elevane på videregåande ikkje er ferdig på skulen før 15.30

Samrøystes vedteke

UR- 015/22 Vedtak:

Ungdomsrådet kjem med følgjande uttale til avtalen:

Ungdomsrådet sluttar seg til hovudtrekka i avtalen, men har følgjande tilleggsframlegg:

- Det burde vore 1-2 representantar for ungdom i referansegruppa.
- Tilbodet burde vore opent lengre (utan om onsdag), då dei fleste elevane på videregåande ikkje er ferdig på skulen før 15.30

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.05.2022:**Behandling:**

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 033/22 Vedtak:

Alver kommune godkjenner driftsavtale for ungdomskontakten Salto slik den ligg føre.

034/22: Kommunedelplan for oppvekst - Hovudmål**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til hovudmål for kommunedelplan oppvekst blir vedteke slik dei er presentert i saka.

Ungdomsråd 02.05.2022:**Behandling:**

Ungdomsrådet las gjennom hovudmåla, og sluttar seg til framleggget.

UR- 017/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 034/22 Vedtak:

Framlegg til hovudmål for kommunedelplan oppvekst blir vedteke slik dei er presentert i saka.

035/22: Meldingar og orienteringar til OKK - 03.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.05.2022:

Behandling:

Det vart lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Presentasjon av følgjande barnehagar i Alver:
Ostereidet FUS barnehage og Leiknes FUS barnehage, Barnas barnehage-Hundvin naturbarnehage, Blåklokka barnehage, Lindås barnehage.
1. Notat: Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Austrheim kommune om elevar frå Aasheim krins. Kristin Moe kommunalsjef Oppvekst svarte på spørsmål frå utvalet.
2. Oppfølging tilsyn Meland ungdomsskule v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Meldingar vart tekne til orientering, samrøystes.

OKK- 035/22 Vedtak:

Meldingar vart tekne til orientering.